



Notat

Dato

LEIKANGER, 25.02.2019

Til: Fylkesutvalet, møte 6. mars 2019

Frå: Fylkesrådmannen

Nynorskens hus; Kva kan fylkeskommunen bidra med i høve anbodsprosessen

Fylkeskommunen har blitt utfordra av prosjektleiar Jan Øhlckers på kva vi kan bidra med i høve anbodsprosessen knytt til bygging av «Nynorskens hus».

Fylkesrådmannen viser her til FT-sak 53/18, punkt 5: «Fylkesutvalet får fullmakt til å ta nærmere stilling til fylkeskommunen si rolle i det vidare arbeidet med å realisere «Nynorskhus» i Førde.»

Innkjøpstenesta og byggje- og eigedomstenesta har drøfta dette i høve administrasjonen sine kapasitetsutfordringar i ei særskrivende tid, samt det at vi oppfattar fylkeskommunen si rolle som litt uklår – slik saka no står. Vi gjer og merksam på at vi i år må leige inn noko konsulenthjelp for å få gjennomført planlagt arbeid.

Den type utlysing som er aktuell for dette prosjektet har vi ikkje erfaring med. Difor vil det uansett vere fornuftig å leige inn noko ekstern hjelp. Sida fylkeskommunen formelt sett ikkje har ei rolle i prosjektet på noverande tidspunkt, meiner vi det er ryddigast at vi kan bidra med noko hjelp innan vårt kompetansefelt utan å bli ein formell part.

Som eit resultat har følgjande blitt formidla til Jan Øhlckers 22.02.2019:

Fylkeskommunen ser føre seg at vi kan gjere følgjande som del av vår ordinære drift (altså gratis):

Bidra med å hente inn ein kvalifisert konsulent/konsulentelskap som kan rådgje prosjektet innkjøpsfagleg og gjennomføre ein anbodskonkurranse i høve regelverk om offentlege anskaffingar.

For å vere tydeleg på roller og ansvar ser vi for oss følgjande:

- Fylkeskommunen kan hjelpe med å utarbeide ein tilbodsførespurnad, inkludert ein kravspesifikasjon og tildelingskriterier
- Fylkeskommunen kan føreslå aktuelle leverandørar som kan inviterast til å gi tilbod
- Fylkeskommunen kan hjelpe med å evaluere tilboda
- «Nynorskens hus» sender tilbodsførespurnaden og mottar tilboda sjølv
- Fylkeskommunen står ikkje som avtalepart med konsulent/konsulentelskap.

Vi ser det som ein føremon for prosjektet å engasjere ein slik konsulent/konsulentelskap så tidleg som mogleg i prosessen, fordi konsulenten vil kunne kome med avklaringar som er viktige for prosjektet på eit tidleg tidspunkt.

Kva som skal vere kravspesifikasjonen vil måtte justerast saman med «Nynorskens hus», men vi ser føre oss at aktuelle moment i ein tilbodsførespurnad vil vere:

- Skildring av prosjektet

- Skissering av kva arbeid som skal utførast
 - o Rådgjeving i høve regleverk for offentlege anskaffingar slik som verdivurdering, behovsspesifikasjon, steg i anskaffingsprosessen, kontrakt
 - o Utarbeiding av konkurransegrunnlag, kontrakt mm, utarbeiding/kvalitetskontroll av behovsspesifikasjon/kravspesifikasjon
 - o Handtering av ein eventuell prekvalifisering
 - o Utlysing, mottak av tilbod, organisering av evaluering av tilbod, innstilling, innsyn, eventuell klagehandsaming til eit visst punkt
- Timepris
- Kvalifikasjonar. Må ha kompetanse innan
 - o Innkjøpsregelverk
 - o Leigeavtalar versus byggje- og anleggskontraktar
 - o Byggje- og anleggskontraktar
- Moglegheit for å avbryte kontrakt med konsulent/konsulentselskap når som helst, eventuelt ved gitte tidspunkt, alt etter kva vending prosjektet tar.

Dette til fylkesutvalet si orientering.